

LIDAR KYRKJE.

Biletet er truleg teke i 1931, og syner Lidar kyrkje under arbeid. Dei fire snikkarane er frå v:

Byggmeister Haldor G. Skattebu, - Torstein T. Nedrelid, - Torleiv Sælid, og Knut Presthegge Røine. Den vesle karen som sit framanfor, er Johannes Sørbu.

Så tidleg som i 1919 vart det i Hegge soknestyre og kyrkjetilsyn bestemt at det skulle byggast ei kyrkje på Li. Grunnen var nok først og fremst den lange kyrkjevegen for dei som budde nørdest i heradet, men dei sakna også ei kyrkje på kyrkjegarden som dei hadde hatt sidan 1902.

I 1921 vedtok Hegge soknestyre at det skulle kjøpast 150 tylfter tømmer, som skulle brukast til restaurering av Hegge kyrkje, og til oppføring av ei kyrkje i Lidar.

Våren 1922 vart tømmeret hogge på dugnad i Vindingstad statsskog. I åra som kom, vart det stor førebuing. Kyrkjetomta skulle gjerast i stand, og pengar måtte skaffast til rette. Det synt seg at det vanta korkje på interesse eller velvilje. Pengegåvor kom inn frå både innanbygds og utanbygds folk. Ja, til og med frå Amerika kom det gåvor. Den største pengegåva kom frå hoffjegermeister Thomas Fearnley. Den var på heile fem tusen kronor! Thomas Fearnley var steson til prost Halvor Tobias Heyerdal, som hadde vore prest i Slidre prestegjeld, og som vart prest i Øystre Slidre frå 1848 til 1857. Thomas Fearnley kjende difor sterke band til Øystre Slidre.

Våren 1930 var alt ferdigt til byggestart. Teikningane var ferdige frå arkitekt Ole Stein si hand. Byggearbeidet hadde Haldor Skattebu teke på seg ansvaret for. Anbudet hans lydde på fire tusen eithundre kronor. Borghild Nedrelid hugsar godt at dei første stukkane i kyrkjebygget kom på plass. Det var i dei dagane ho gjekk til presten. Georg Nedrelid gløymer ikkje at han som trettanåring fekk lov å hjelpe Haldor Skattebu med å maskinhøvle materialane til kyrkjestolane. Han "tok undå".

Då kyrkja var ferdig, stod det att ei gjeld på litt over sju hundre kronor. Men gleda var stor i Lidar kyrkjelyd då kyrkja deira vart innvigd den 2. november i 1932.

Gudbrand A. Skattebo.